



Hafslø barne og ungdomsskule

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet(SU).

Måndag 29. september kl 19.00 – 20.30, personalrommet

Tilstades: Wenche Sollid(foreldrerepr), Nina Hauge Sørensen(foreldrerepr), Sigfrid Ahlin Søvde(foreldrerepr), Silje Holm Carlsen(elevrepr), Lene Therese Berge(lærarrepr), Kjersti Eikum Tang(politisk vald - vara for Britt Brugrand), Aslaug Øydvinn (lærararepr - vara for Elin Hilleren), Ingunn Mo(andre tilsette) og Kjell Ertesvåg(rektor).

Samarbeidsutvalet (SU) er skulen sitt øvste rådgjevande organ, og her er alle partane representert: elevar, foreldre, pedagogisk personale, andre tilsette og to representantar fra kommunen, der rektor skal er den eine. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen

Sak 1-14/15: GODKJENNING AV MØTEBOKA

- godkjendt

Sak 2-14/15: VAL AV LEIAR, NESTLEIAR OG SEKRETÆR FOR SU, 2014/15.

- leiari: Britt Brugrand
- nestleiar: Nina Hauge Sørensen
- sekretær: Lene Therese Berge

Sak 3-14/15: GODKJENNING AV ORDENSREGLEMENTET

- Ordensreglementet godkjent(ligg ved referatet)
- diskusjon vedr mobilbruk i ungdomsskulen. Dette vert teke vidare i elevråd, FAU og med tilsett for vidare uttale.

Sak 4-14/15: MØTEPLAN 2014/15

- kjem attende til den når SU-leiar har fått sett på kva dagar som høver best. SU må og tilpasse sin møteplan etter FAU. Møte 2 veker etter FAU sine møter.
- leiari for FAU, og leiar for SU samkøyrer dette.

Sak 5-14/15: STATUS BYGGESAK

- det vert no jobba på «høgtrykk» frå arkitekt og planleggarar(Luster kommune, Norconsult og SWECO). Fokuset deira er om kart og terrenget stemmer, og korleis løyse praktiske byggespørsmål. Det har vore 2 synfaringar-/møter med desse i haust.
- biblioteket vert i januar 2015 midlertidig flytt til kantina. Byggearbeidet startar i Fellesbygget, der det skal byggast 2 klasserom i bibliotekdelen.
- På neste SU-møte vert det synfaring.

SAK 6-14/15: STATUSRAPPORT FRÅ OPPSTARTEN AV SKULEÅRET

NYTILSETTE:

- Kjell Ertesvåg(rektor) og Ida Johanne Ulvik(inspektør)
 - Runar Hatlevoll(har jobba som vikar tidl, så kjenner skulen).
 - Aleksander Loftesnes, områdevikar(vikar for HBU og Solvorn). Tilsett til 31.12.14.
-

OPPSTART FOR ELEVANE:

- 1. klasse gått veldig fint. Trygge på kvarandre, trygge på dei vaksne. Gode rutinar og klar struktur
- 2 nye elevar, 5. klasse og 9. klasse. Glidd fint inn i klassane.
- Elev frå Solvorn i 8. klasse. Kjende klassen frå før, fungerar fint.
- 8. klasse taklar overgangen frå barnesteget til ungdomssteget på ein god måte.

KLASSANE:

Komne godt i gang. Det aller meste av materiell etc var på plass ved oppstart. Klasseressursane er i større grad nyttar til meir deling av klassane. Sler godt ut for dei alle fleste. Nokre elevar som likevel treng individuelle timar.

SKULEMILJØ:

Godt skulemiljø. Likevel opplever me «saker». Desse vert teken tak i umiddelbart for å unngå at det utviklar seg.

Ser ein klar dreiling i høve «saker» via mobil, snap chat, KIK.....osv.....

SFO:

Mange som har sagt opp plassen sin siste tida. Mange med oppseiing gjeldande frå 15. okt. Prisauke er hovudårsaken, dyrare på ettermiddagsplassen, og reduksjon på morgenplassen. Bakgrunn for vedtak og omgjering er å få ein meir rettferdig modell. Til og med sist skuleår var det slik at morgenplass på 5 timer pr veke har same pris som ettermiddagsplass på om lag 15 timer pr veke. Modellen vart vedteken i Luster kommune v/kommunestyre 19.12.13.

UTFORDRINGAR:

- rom....mykje deling av klassane gjer at me må ha god disiplin på romplan
- data/IT....tekniske utfordringar. Nettet er ustabilt.
- høyrselshemming i fleire rom....teknisk utstyr....må få folk frå Hjelpemiddelsentralen dersom me treng teknisk hjelp. Har ikkje lov til å «ordne sjølve».
- inspeksjonar.....uteområde er vorte større med den nye kunstgrasbana

Sak 7-14/15: YMSE

-Danseverkstaden har lite eigna plass til deira aktivitet. Må vere i gangen nede ved gymsalen. Spørsmål om dei kunne nyttar anna stad. FAU har tidlegare sendt brev til kommunen vedr Samfunnsbygget og oppgradering av det. Brevet ligg på skulen si heimeside.

-Det vart teke opp at skulen må diskutere kvar terskelen for å ta kontakt med foreldra skal ligge. Dette ved negative episodar med elevar. Foreldre ynskjer å vite om slike episodar frå skulen, og ikkje via andre.

-Pengegåve frå Luster sparebank på kr 200 000,-. Kr 100 000 til barnesteget, og kr 100 000,- til ungdomssteget. Kva desse skal nyttast til må elevar, foreldre og tilsette vert samde om. Me er no i ein prosess der me ynskjer innspel.

Hafslo, 30.09.14

Kjell Ertesvåg
- rektor-

